



Julie G. Myklebust i den nye piquet-skjorta med SKL-logo på brystet. (Foto: Thor Inge Døssland)

Skulemusikkantane hadde ein tidleg start på den første feriedagen – etter å ha hatt det moro kvelden før. Alt då klokka passerte åtte onsdagsmorgonen var dei på plass i bussen ved grana. Dei hadde nemleg speleoppdrag, saman med Rosendal skulekorps, i samband med opninga av den nye kraftstasjonen i Matre, og alt før sola var komen fram, var dei klare med festleg musikk.

Sjølv om det ikkje var den heilt store publikumsmassen som var samla, var det mange prominente gjester å sjå. Olje- og energiminister Odd Roger Enoksen kom i helikopter og landa til feiande flott korpsmusikk. Elles var både formannen i olje- og energikomiteen i Stortinget, Olav Akselsen, og fylkesordføraren i mengda med kjende og meir ukjende politikarar og næringslivstoppar. Etter at dei hadde blitt sett pris på med musikk av storkorpset, gjekk ferda vidare inn i stasjonen i fjellet der den offisielle opningsseremonien føregjekk.

Musikantane vart servert baguettar, skulebollar og brus. Fornøgde var dei, og dei gav også uttrykk for at det var kjekt å spela i eit så stort korps. Eit fint og kjærkome speleoppdrag for dei to korpsa.

Bakgrunnen for speleoppdraget er at SKL småkraft gjekk inn som sponsor for dei to korpsa i samband med deltakinga NM i fjor sommar. Ved spelinga onsdag stilte alle musikantane i nye piguete-skjorter som dei hadde fått hos sponsoren.


Ein tanke som slo oss; her låg alt til rette for ein ny folkefest i Matrebygda om det hadde vorte satsa på det, og bygdefolket hadde vorte invitert.

Kanskje hadde det og vore kjekt om det hadde vore mogeleg å leggja inn ei omvising på den nye stasjonen for dei frammøtte?? Eg registrerte at fleire av dei unge korpsmusikantane spurde etter det.

Skulemusikken tar no ein velfortent ferie, men planlegginga av neste sesong er alt forlengst i gang. Kjenner mellom anna til at korpset er påmeldt i Karmøy Brass. Denne samlinga var svært så vellukka i fjor, og det er lett å skjønna at det skal gjentakast. Noko å gle seg til!

God ferie til alle musikantane!! Dei skaper feststemning i bygda i mange samanhengar!!

Av Thor Inge Døssland



To korps spela under opning av kraftstasjonen. (Foto: Thor inge Døssland)